



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Tolleshaug	FA-L42	18/292

Saksnr	Utval	Type	Dato
051/19	Formannskapet	PS	07.05.2019
045/19	Kommunestyret	PS	18.06.2019

### Koppersevja. Avtale om reguleringsplan

Vedlegg:

Koppersevja regplan avtale

Koppersevja - kart

#### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn

I 2017 kalla nokre grunneigarar kring Koppersevja inn til eit møte. Føremålet var å sjå om det var muleg å gjera noko for å få større djupne og djupare innsegling til Koppersevja. Fedje kommune var invitert til møtet. Teknisk sjef møtte. Det har seinare vore fleire møte.

Grunneigargruppa har føreteke djupnemålingar og dei har fått inn 2 tilbod på mudring og utdjuping av innseglinga. Tilboda er på om lag 2 mill kr. Eg vurderer tilboda som usikre då dei er gjeve utan at tiltaka er særleg godt planlagd.

Bilde teke 22. mars 2019





I møtereferatet frå 8. november 2018 der både ordførar og teknisk sjef møtte, står det :

*Grunneigarane og kommunen er samde om at det må lagast reguleringsplan for området for i heile tatt kunne kome i gang med noko. Kommunen kan ta ansvar for at planen vert laga, dersom grunneigarane kan sikra at dei vil betale kr 100.000,- til kommunen for arbeidet.*

Den 31. januar i år, sende kommunen framlegg til ein avtale til Grete Herøy som har skrive referata frå møta grunneigarane har hatt.

Teksten i framlegget til avtale, er slik :

*Fedje kommune vil på vegne av grunneigarane kring Koppersevja administrera arbeidet med å laga ein privat detaljreguleringsplan for Koppersevja og området kring. Planen skal gjera det mogeleg å utdjupa innløpet og å mudre sjølve evja.*

*Arbeidet skal starta når grunneigarane til saman har betalt 100.000,- kr til Fedje kommune. Dersom det ikkje er betalt 100.000,- kr innan tre månader etter at avtalen er underteikna av tilstrekkeleg tal partar, opphører avtalen og Fedje kommune vil betala pengane attende. ( Det er 15 eigedomar kring evja inkl. den Fedje kommune eig )*

*Fedje kommune er ein av grunneigarane kring evja. Fedje kommune betalar ikkje som grunneigar. Fedje kommune er ansvarleg for kostnadene med å laga planen. Dersom kommunen sine kostnader vert mindre enn 100.000,- kr inklusiv gebyr til kommunen for handsaminga planen (21.000,- kr), vert overskytande betalt attende til avtalepartane.*

*Fedje kommune kan ikkje garantera at det vert muleg å få planen vedteken. Denne avtalen bind ikkje FK til å gjera bestemte vedtak etter plan- og bygningslova eller andre vedtak.*

*Fedje kommune skal laga planen i samarbeid med dei som har betalt. Dersom det vert usemje mellom avtalepartane, er det Fedje kommune som har siste ordet.*

*Fedje kommune skal syte for god framdrift i planarbeidet.*

\*\*\*\*\* \*\*\*\*\* \*\*\*\*\* \*\*\*



# Fedje kommune

I brevet framlegget til avtale var vedlegg til, vart det gjort klårt at avtalen ville koma til politisk handsaming kun dersom det melde seg eit tilstrekkeleg tal avtalepartar.

Kring Koppersevja er det 15 grunneigarar inklusiv Fedje kommune. Ti av dei har betalt 10.000,- kr til Fedje kommune. Dei 10 grunneigarane er: Erling Herøy, Alfred Husa, Otto Uthaug, Jan Hernar, Vilgerd Storset Husa, Hans Georg Sulen, Hans Jørgen Hansen, Hugo Larsen, Alf Nordset og Kristin Aalgaard.

Å få eit konsulentfirma til å laga planen, vil truleg kosta om lag 200.000,- kr. Det vil seia at det vil kosta kommunen 100.000,- kr å få laga planen.

## Finansiering av kommunen sin del av utgiftene :

I budsjettcommentarane for 2019, står det (side 22):

*Under tenesta 3250 Tilrettelegging og bistand for næringslivet, er det lagt inn 200 000 kroner som er tenkt brukt i arbeidet med å følgja opp det arbeidet som til no er kalla «sentrumsplanen».*

Å bruke ein del av desse pengane til reguleringsplan for Koppersevja, er ikkje heilt innafor tenkt føremål. Andre kjelder for finansiering er det likevel ikkje.

Dersom kommunestyret gjer vedtak om at kommunen skal skriva under på Avtale om reguleringsplan for Koppersevja, må administrasjonen koma attende til oppstartmedling med planavgrensing.

## **Forslag til vedtak:**

Fedje kommune skriv under på avtale med 10 grunneigarar om utarbeiding av reguleringsplan for Koppersevja. Namnet på avtalen er Avtale om reguleringsplan for Koppersevja.

## Formannskapet - 051/19

### **F - behandling:**

Tonje Hernar Gullaksen (H) meldte seg ugild etter fvl. § 6a. Gullaksen gjekk ut av møtet, og formannskapet vedtok samråystes at ho var ugild. Ingen vara var kalla inn.

### **F - vedtak:**

Fedje kommune skriv under på avtale med 10 grunneigarar om utarbeiding av reguleringsplan for Koppersevja. Namnet på avtalen er Avtale om reguleringsplan for Koppersevja.

Samråystes vedteke.

## Kommunestyret - 045/19

### **K - behandling:**

Tove Nordseth (Krf) meldte seg ugild etter fvl. § 6b. Nordseth gjekk ut av møtet, og kommunestyret vedtok samråystes at ho var ugild. Kåre Berge (Krf) stilte som vara.

Tonje Hernar Gullaksen (H) meldte seg ugild etter fvl. § 6a. Gullaksen gjekk ut av møtet, og



# Fedje kommune

kommunestyret vedtok samrøystes at ho var ugild. Det var ikkje kalla inn vara.

**K - vedtak:**

Fedje kommune skriv under på avtale med 10 grunneigarar om utarbeidning av reguleringsplan for Koppersevja. Namnet på avtalen er Avtale om reguleringsplan for Koppersevja.  
Samrøystes vedteke.